

# Sogn Sparebank si utgreiing om aktsemdsvurderingar etter openheitslova

## for perioden 1. januar – 31. desember 2025

Føremålet med dette dokumentet er å gjere greie for banken sine aktsemdsvurderingar etter openheitslova.

## 1. Generell informasjon om Sogn Sparebank

### 1.1. Organisering

Sogn Sparebank er ein sjølvstendig, børssnotert lokalbank med eigenkapitalbevis. Banken er registrert og heimehøyrande i Noreg med desentralisert struktur, og forretningsadresse på Årdalstangen. Banken har kontor i Aurland, Lærdal, Vik, Sogndal, Årdalstangen, Øvre Årdal og Bergen. Per 31.12.25 hadde banken 46 tilsette.

Generalforsamlinga er øvste organ i Sogn Sparebank. Det er generalforsamlinga som fastset banken sine vedtekter, vel styremedlemmer, vedtek årsrekneskapen og disponerer årsresultatet. Administrerande banksjef rapporterer til styret gjennom styremøte og dialog med styreleiar. Oversikt over dei 20 største aksjonærane går fram av kvartals- og årsrapportane til banken. Desse rapportane ligg offentleg tilgjengeleg på banken si heimeside og er publisert på Oslo Børs.

Banken er ein del av Eika-alliansen.

Eika-alliansen består av alliansebankane og konsernet Eika Gruppen, som er heileigd av alliansebankane. Konsernet Eika Gruppen består av morselskapet Eika Gruppen AS, Eika Digitalbank AS, Eika Kapitalforvaltning AS, Eika Økonomi AS og Aktiv Eiendomsmegling AS. Kjerneverksemda til Eika Gruppen-konsernet er å sørge for at lokalbankane har moderne og effektiv bankdrift gjennom gode og effektive produktleveransar, inkludert anskaffingar på vegner av bankane. Eika Boligkreditt er bustadkredittføretaket til alliansebankane, med konsesjon til å utferde obligasjonar med førerrett (OMF). Hovudføremålet er å sikre bankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering.

### 1.2. Produkt og tenester

Banken tilbyr i hovudsak produkt og tenester innanfor kredittrådgiving, sparing, rådgiving, forsikring, verdipapirhandel og daglegbanktenester.

### 1.3. Marknader banken opererer i

Marknaden for Sogn Sparebank innanfor bedriftsmarknaden er små og mellomstore verksemdar i Sogn. Innanfor personmarknaden er banken landsdekkande, med fokus på vekstområde og større byar, men Sogn skal vere det prioriterte marknadsområdet.

## 1.4. Forankring av arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold

Banken respekterer og støttar opp om internasjonalt anerkjende menneskerettar. Banken kan ha påverknad på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd, samt i relasjonen til leverandørar og forretningspartnarar.

Banken er underlagd krava i lov om verksemdar si openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold («openheitslova»). Styret, som øvste organ i forvaltninga av banken, har det overordna ansvaret for at pliktene etter openheitslova blir oppfylte. Banken har policyar og retningslinjer som varetek krava i openheitslova. Policyane blir fastsette av styret, medan retningslinjene er fastsette eller godkjende i tråd med banken sin interne styringsmodell. Policyane og retningslinjene inneheld mellom anna krav til aktsemdsvurdering av eiga verksemd og verdikjeda, krav og metodikk for risikobaserte vurderingar av eksterne forretningspartnarar og leverandørar, føringar for eventuelle tiltak, ansvars plassering for gjennomføring og oppfølging av vurderingane samt krav til rapportering til styret. Særleg relevante er:

- **Policy for samfunnsansvar og berekraft** gir overordna føringar for korleis omsynet til klima og miljø, sosiale forhold, grunnleggjande menneskerettar, anstendige arbeidsforhold og ansvarleg forretningspraksis skal integrerast i banken si verksemd, medrekna i relasjonen til kundar, leverandørar og andre forretningspartnarar.
- **Policy for styring av leverandørrisiko innanfor IKT** fastset prinsipp og krav for korleis Sogn Sparebank identifiserer, vurderer, reduserer og overvaker risiko knytt til IKT-tredjepartsleverandørar og -tenester gjennom avtaleperioden. Policyen stiller mellom anna krav til risikobasert leverandørvurdering, medrekna ESG-/aktsemdsvurdering av leverandørar, og til tiltak for å stanse, førebyggje eller avgrense negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold der dette er nødvendig.
- **Retningslinje for anskaffing, bestilling og avtaleinngåing** fastset krav til banken sine anskaffingsprosessar og skal sikre at anskaffingar skjer på ein forretningsmessig god måte og i samsvar med gjeldande regelverk, medrekna openheitslova. Retningslinja stiller krav om at det, der dette er relevant, skal gjennomførast risikobaserte ESG-/aktsemdsvurderingar av leverandørar, og at det ved behov skal setjast i verk tiltak for å stanse, førebyggje eller avgrense negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.
- **Etiske retningslinjer** presiserer forventningar og krav til banken sine tilsette, tillitsvalde og personar som arbeider på oppdrag av banken. Retningslinjene stiller krav til integritet, habilitet, god forretningsskikk, varsling og ansvarleg åtferd, og omfattar også banken sine forventningar til berekraft, menneskerettar, arbeidstakarrettar og etisk åtferd hos leverandørar og samarbeidspartnarar.

Eika Gruppen gjer fleire større anskaffingar på vegner av bankane i Eika-alliansen. Anskaffingane blir gjennomførte i samsvar med etablerte prosessar og styringsdokument som skal sikre etterleving av relevante lover og interne krav til styring, kontroll og etterleving. I samband med anskaffingar på vegner av banken gjennomfører Eika Gruppen mellom anna aktsemdsvurderingar av leverandørar. ESG-aktsemdsvurderingane i Eika Gruppen blir gjennomførte med ei risikobasert tilnærming for å identifisere og handtere risiko for brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeda og hos forretningspartnarar. Vurderingane tek utgangspunkt i førehandsdefinerte risikoelement.

Det følgjer av forarbeida til openheitslova at verksemdar kan samarbeide om utføringa av aktsemdsvurderingar, jf. Prop. 150 L (2020–2021) pkt. 8.2.3.3 side 67. Banken vurderer at Eika Gruppen sine aktsemdsvurderingar er av tilfredsstillande kvalitet. Banken har gått gjennom Eika Gruppen sine retningslinjer for aktsemdsvurderingar og vurderer dei som tilfredsstillande. For meir informasjon om Eika Gruppen sin prosess viser vi til utgreiinga som er tilgjengeleg her: <https://www.eika.no/eika-alliansen/eikagruppen/apenhet>.

Banken og Eika Gruppen AS har fastsett interne rutinar for handtering av førespurnader om informasjon frå utanforståande.

## 1.5. Varslingskanalar

Banken ønskjer å leggje til rette for eit godt ytringsklima, der kritikkverdige forhold kan takast opp, diskuterast og løysast. Det er lagt til rette for fleire interne og eksterne varslingskanalar. Dette kjem fram i eigne styrevedtekne retningslinjer for varslings av kritikkverdige forhold. Banken har oppnemnt eige personvernombod, og denne informasjonen er tilgjengeleg på banken si nettside [sognbank.no](https://sognbank.no). Informasjon om banken si klageordning er tilgjengeleg på banken si nettside, og innkomne klager blir behandla av etterlevingsansvarleg. Klager og krav blir behandla i samsvar med kundane sine rettar etter avtale og lov, og banken skal syte for at desse blir ivaretekne. Det er publisert ei eiga side for berekraftsarbeidet i banken på banken sine nettsider. Der er det også mogleg for interessentar å kome med innspel.

## 2. Negative konsekvensar og risiko

### 2.1. Innleiing

Ettersom risikoen er ulik internt i banken og i leverandørkjeda, er omtalen av risiko og konsekvensar delt i ulike punkt, sjå pkt. 2.2 *Eiga verksemd* og pkt. 2.3 *Forretningspartnarar og leverandørkjede*. Banken vurderer at risikoen for brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i hovudsak er knytt til leverandørkjeda og forretningspartnarar, heller enn eiga verksemd. Grunngevinga er at banken si eiga verksemd i hovudsak består av kunnskapsintensive tenester i Noreg, utførte av tilsette som er omfatta av norsk arbeidslivslovgiving, tariffavtalar og etablerte interne retningslinjer for etikk, arbeidsforhold og varslings. I leverandørkjeda har banken i mindre grad direkte kontroll over arbeidsforhold og praksis, og risikoen blir påverka av forhold som arten av anskaffinga, leverandørane si bransjetilknytning, geografisk verkeområde, bruk av underleverandørar og kompleksitet i verdikjeda.

### 2.2. Eiga verksemd

Banken er underlagd norsk arbeidslivslovgiving og skal sikre forsvarlege arbeidsforhold, eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø og respekt for grunnleggjande arbeidstakarrettar. Arbeidsgjeveransvaret blir vareteke i tråd med mellom anna arbeidsmiljølova, personopplysningslova og anna relevant regelverk, medrekna krav til systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

Banken er medlem av Finans Norge og er dermed omfatta av gjeldande hovudavtale og sentralavtalar inngått mellom Finans Norge, NHO og Finansforbundet. Avtalane regulerer sentrale forhold knytt til løns- og arbeidsvilkår, medverknad og partssamarbeid, og gir rammer for eit strukturert og føreseieleg samarbeid mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde og verneombod.

Desse lovpålagde og avtalefesta forpliktingane utgjer grunnlaget for banken sitt arbeid som arbeidsgjevar, og danner fundamentet for banken si ivaretaking av eigne medarbeidarar. Kompetente og engasjerte medarbeidarar er ein føresetnad for at banken skal kunne levere på samfunnsoppdraget sitt som lokalbank. Utover lovpålagde plikter arbeider banken derfor systematisk med organisasjonsutvikling, samhandling og kompetansebygging, i tråd med banken sin strategi og langsiktige mål.

Banken oppdaterte i juni 2026 den interne aktsemdsvurderinga. Aktsemdsvurderinga er basert på ein metodikk som vektlegg risikoområde som er særleg relevante i norsk kontekst og for finansbransjen, medrekna arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering. Samstundes byggjer vurderinga på ei heilskapleg tilnærming og er ikkje avgrensa til utvalde tema åleine. Det er ikkje avdekt forhold som viser negative konsekvensar eller risiko knytt til menneskerettsbrot eller brot på anstendige arbeidsforhold.

## 2.3. Forretningspartnarar og leverandørkjede

Banken har ei rekkje leverandørar, der svært mange avtalar er framforhandla av Eika Gruppen på vegner av banken. I tillegg har banken avtalar med forretningspartnarar og leverandørar som banken sjølv har framforhandla.

### 2.3.1 Forretningspartnarar og leverandørkjede gjennom Eika Gruppen

Som nemnt ovanfor er dei fleste større avtalane banken har med eksterne leverandørar, framforhandla av Eika Gruppen på vegner av Eika-bankane. Innkjøpa omfattar mellom anna ei rekkje ulike IKT-tenester og andre tenesteleveransar.

Det er ikkje avdekt faktiske brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i aktsemdsvurderingar utførte av Eika Gruppen i 2025. Etablerte prosessar for å handtere tilfelle der negative konsekvensar eller vesentleg risiko ligg føre, er derfor ikkje nytta.

### 2.3.2 Eigne forretningspartnarar og leverandørkjede

Banken har relativt få leverandørar og forretningssamband, og vi er opptekne av å nytte lokale leverandørar som vi kjenner godt, i størst mogleg grad. Banken har innhenta eigenerklæringar om leverandøråtfærd frå dei største leverandørane og forretningssambanda sine.

Det er ikkje avdekt faktiske brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i banken sine egne aktsemdsvurderingar i 2025. Etablerte prosessar for å handtere tilfelle der negative konsekvensar eller vesentleg risiko ligg føre, er derfor ikkje nytta.

## 3. Utførte tiltak og vidare arbeid

Banken vil samarbeide med leverandørar og tenesteytarar for å sikre at dei etterlever banken sine forventningar og krav. Dersom banken oppdagar at kundar, leverandørar eller selskap banken har investert i, ikkje handlar i tråd med banken sine forventningar til berekraft, miljø og samfunnsansvar, vil banken gå i dialog med selskapet for om mogleg å få til endra praksis. Dersom selskapet held fram med å bryte banken sine krav, kan banken starte ein prosess for å avvikle kundeforholdet eller selje eigarposisjonen i selskapet.

Sogn Sparebank vurderer at det ikkje er behov for å setje inn ytterlegare tiltak på noverande tidspunkt.

## 4. Informasjonsførespurnader

Banken har ikkje motteke informasjonsførespurnader etter openheitslova i 2025.

\*\*\*

Sogn Sparebank svarar på eventuelle ytterlegare spørsmål knytt til openheitslova, og spørsmål kan sendast til [post@sognbank.no](mailto:post@sognbank.no).

Årdalstangen den 29.06.2026

Atle Terum (s.)  
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)

Olav Vikøren (s.)

Marit Røyrvik Eldegard (s.)

Tone Kristin Myklebust Kvåle (s.)

Leif Andresen (s.)  
Tilsettere representant

Mads Arnfinn Indrehus (s.)  
Adm. banksjef